

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK A 123



# UNDERVISNINGSTATISTIKK

1964-65

HEFTE II

FOLKEHØGSKOLAR

EDUCATIONAL STATISTICS

1964-65

Volume II

Folk High Schools

STATISTISK SENTRALBYRÅ

OSLO 1965

## Noregs offisielle statistikk, rekkje XII

### Norway's Official Statistics, series XII

#### Rekkje XII

#### Prenta 1964

- Nr. 141 Syketrygden 1962 *National health insurance*
- 142 Statistisk årbok 1964 *Statistical yearbook of Norway*
- 143 Industristatistikk 1962 *Industrial statistics*
- 144 Fiskeristatistikk 1962 *Fishery statistics*
- 145 Norges postverk 1963 *Statistique postale*
- 146 Folkemengdens bevegelse 1962 *Vital statistics and migration statistics*
- 147 Utenrikshandel 1963 II *External trade II*
- 148 Psykiatriske sykehus 1962 *Hospitals for mental disease*
- 149 Jordbruksstatistikk 1963 *Agricultural statistics*
- 150 Alkoholstatistikk 1963 *Alcohol statistics*
- 151 Folketelling 1960 V Husholdninger og familiekjerner *Population census V Households and family nuclei*
- 152 Utenrikshandel 1963 III *External trade III*
- 153 Telegrafverket 1963 *Télégraphes et téléphones de l'Etat*
- 154 Skattestatistikk 1962 *Tax statistics*
- 155 Lønnsstatistikk 1963 *Wage statistics*
- 156 Meieribruket i Noreg 1963 *Norway's dairy industry*
- 157 Folketelling 1960 VI Boliger *Population census VI Housing*
- 158 Folketelling 1960 VII Barnetallet i ekteskap *Population census VII Fertility of marriages*
- 159 Skogstatistikk 1961 og 1962 *Forestry statistics*

#### Rekkje XII

#### Prenta 1965

- Nr. 160 Økonomisk utsyn over året 1964 *Economic survey*
- 161 Elektrisitetsstatistikk 1963 *Electricity statistics*

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK A 123



# UNDERVISNINGSTATISTIKK

1964-65

HEFTE II

FOLKEHØGSKOLAR

EDUCATIONAL STATISTICS

1964-65

Volume II

Folk High Schools

STATISTISK SENTRALBYRÅ  
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY  
OSLO 1965

U t k o m e n f ø r

Skolevæsenets tilstand 1888 NOS III 121, 1889 III 175, 1890 III 195, 1891 III 212, 1892 III 224, 1893 III 261, 1894 III 271, 1895 III 319, 1896 III 334, 1897 III 337, 1898 IV 20, 1899 IV 48, 1900 IV 84, 1901 IV 96, 1902 IV 114, 1903 V 5, 1904 V 27, 1905 V 73, 1906 V 81, 1907 V 115, 1908 V 130, 1909 V 163, 1910 V 218, 1911 VI 35, 1912 VI 67, 1913 VI 82, 1914 VI 144, 1915 VII 1, 1916 VII 26, 1917 VII 60, 1918 VII 100, 1919 VII 116, 1920 VII 136, 1921 VII 150, 1922 VII 172, 1923 VII 187, 1924-25 VIII 18, 1925-26 VIII 66, 1926-27 VIII 90, 1927-28 VIII 128, 1928-29 VIII 163, 1929-32 IX 45, 1932-34 IX 80, 1934-35 IX 106, 1935-36 IX 156.

Skolestatistikk 1936-37 NOS IX 185, 1937-38 IX 199, 1938-39 X 14, 1939-40 X 39, 1940-41 X 64, 1941-42 X 81, 1942-43 X 96, 1943-44 X 142, 1944-45 X 158, 1945-46 X 189, 1946-47 XI 30, 1947-48 XI 95, 1948-49 XI 111, 1949-50 XI 164, 1950-51 XI 170, 1951-52 XI 164.

Undervisningsstatistikk 1952-53 NOS XI 222, 1953-54 XI 264, 1954-55 XI 296, 1955-56 XI 315, 1956-57 XI 343, 1961-62 A 51, 1962-63 II A 78, 1963-64 II A 98.

## F ø r e o r d

I denne publikasjonen er det gjeve oppgåver over lærarar, elevar m.v. ved folkehøgskolane pr. 1. oktober 1964. Statistikken er utarbeidd etter det same opplegg som for førre skoleåret.

Arbeidet med statistikken over folkehøgskolane er gjort under leing av konsulent Singulf Olsen.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 5. april 1965

Sigmy Arctander

## I n n h a l d

	Side
O v e r s y n	
Innleiing .....	4
Skolar og undervisningstid .....	4
Lærarpersonalet .....	5
Søkjarar og opptekne elevar .....	6
Elevane etter alder og bustad .....	7
 T a b e l l a r	
I. Folkehøgskolar i dei einskilde fylke etter lengda på hovudkurset ....	10
II. Lærarar i dei einskilde fylke etter kjønn og utdanning .....	11
III. Søkjarar og opptekne elevar .....	12
IV. Elevar i dei einskilde fylke etter alder .....	13
V. Lærarar og elevar ved skolane i dei einskilde kommunar .....	14

## S t a n d a r d t e i k n

- Null

## O V E R S Y N

### Innleiing

I denne statistikken har ein teke med alle skolane som går inn under lova om folkehøgskolar frå 28. juli 1949, det vil seia fylkesskolar, folkehøgskolar og private ungdomsskolar som er godkjende til å få rikstilskott. På same vis som i lova, er folkehøgskolar her nytta som ei fellesnemning på desse tre skoleslaga. Dei har alle til føremål å gje vaksen ungdom vidare ålmenndaning.

Til statistikken er det henta inn oppgåver over talet på søkjarar til hovudkursa, talet på elevar og talet på lærarar pr. 1. oktober 1964. Dessutan har ein på skjemaet spurt om undervisningstida og bustaden til elevane. Oppgåvene er summariske for kvar einskild skole. Avtrykk av det skjema som er nytta er teke med som vedlegg til publikasjonen Undervisningsstatistikk 1963-64 II (NOS A 98).

### Skolar og undervisningstid

Det var i alt 75 folkehøgskolar som var i drift i skoleåret 1964-65. Av desse vart 14 skolar drivne av fylkeskommunane, 30 skolar av ymse kristelege organisasjonar og 31 skolar av faglege og humanitære organisasjonar, høgskolelag, ungdomslag og andre.

Ved alle skolar som var i gong hausten 1964, vart det teke opp elevar til ordinære hovudkurs, det vil seie kurs med ei undervisningstid på minst 24 veker. Sju av skolane hadde berre førsteårskurs. Dei andre 68 skolane hadde både første- og andreårskurs (vidaregåande kurs).

Den mest vanlege undervisningstida på hovudkursa var 33 skoleveker. Heile 67 skolar eller 89 prosent hadde kurs med denne lengd. Berre to skolar hadde kurs som varte noko lenger, medan seks skolar hadde stuttare kurs.

Samanlikna med oppgåvene fem år tidlegare har det vore svært stor auke i undervisningstida i folkehøgskolane (sjå tabell 1). I skoleåret 1959-60 var undervisningstida på dei fleste hovudkursa 24-25 veker. Då hadde ingen skolar så lange kurs som 33 veker. Den gjennomsnittlege kurslengda for alle skolane var 24,9 veker. I 1964-65 var kurslengda auka til gjennomsnittleg 32,6 veker eller med 31 prosent. Auken i undervisningstida har vore særleg sterk i dei fire siste åra.

Tabell 1. Folkehøgskolar etter lengda på hovudkurset

	Undervisningstid i veker					Skolar i alt	Gjennomsnittleg undervisningstid i veker
	24-25	26-27	28-29	30-31	32 og meir		
1959-60 .....	62	3	-	6	-	71	24,9
1960-61 .....	60	1	-	12	-	73	25,0
1961-62 .....	20	19	1	29	5	74	27,9
1962-63 .....	7	10	1	15	40	73	30,6
1963-64 .....	5	6	-	7	56	74	31,7
1964-65 .....	1	4	-	1	69	75	32,6

## Lærarpersonalet

Pr. 1. oktober 1964 var det i alt tilsett eller konstituert 710 lærarar ved folkehøgskolane. Dette er nær fem prosent meir enn året før.

Tabell 2. Lærarar ved folkehøgskolane

Skoleår	Lærarar i heil post			Timelærarar			Lærarar i alt
	Menn	Kvinner	I alt	Menn	Kvinner	I alt	
1959-60 .....	267	133	400	68	71	139	539
1960-61 .....	268	145	413	99	85	184	597
1961-62 .....	287	170	457	113	63	176	633
1962-63 .....	300	180	480	104	77	181	661
1963-64 .....	315	178	493	96	90	186	679
1964-65 .....	336	176	512	104	94	198	710

72 prosent av lærarane var tilsette i heil post, medan 28 prosent hadde timelærarpost. Om lag tre femtepartar av lærarane var menn.

Av lærarar i heil post hadde vel halvparten lærarprøve, 33 prosent var faglærarar med godkjend lærarutdanning, og 8 prosent var lektorar eller adjunktar. 6 prosent av lærarane hadde ikkje godkjend lærarutdanning.

Tabell 3. Lærarar i heil post etter utdanning

	Lærarar			Prosent		
	Menn	Kvinner	I alt	Menn	Kvinner	I alt
Lektorar og adjunktar ...	39	2	41	12	1	8
Lærarar med godkjend utdanning (lærarprøve) ...	229	41	270	68	23	53
Faglærarar med godkjend utdanning .....	52	120	172	15	68	33
Lærarar eller faglærarar utan godkjend utdanning.	16	13	29	5	8	6
I alt .....	336	176	512	100	100	100



Oppgåvene syner elles ein etter måten stor skilnad i utdanninga til mannlege og kvinnelege lærarar. Såleis hadde 68 prosent av dei mannlege lærarane i heil post lærarprøve, medan berre 23 prosent av kvinnene hadde denne utdanninga. Dei fleste (68 prosent) av dei kvinnelege lærarane var faglærarar med godkjend utdanning. 8 prosent av dei kvinnelege lærarane som var tilsette i heil post hausten 1964, hadde ikkje godkjend lærarutdanning, medan det tilsvarende talet for mannlege lærarar var 5 prosent. I alt var talet på lærarar utan godkjend pedagogisk utdanning 6 prosent i skoleåret 1964-65 mot 9 prosent førre året.

Av timelærarane underviste 70 prosent berre i folkehøgskolen. 18 prosent hadde timelærarpost i folkehøgskolen og heil post i annan skole, og 12 prosent hadde timelærarpost både i folkehøgskolen og i annan skole.

#### Søkjarar og opptekne elevar

Hausten 1964 kom det inn til folkehøgskolane til saman 13 008 søknader om elevplass. Det var nær 18 prosent fleire søknader enn året før. Om lag 70 prosent av søkjarane søkte på førsteårskurs og 30 prosent på andreårskursa. Som i tidlegare år, var mindre enn tredjeparten av alle søkjarane menn.

Tabell 4. Søkjarar til hovudkurs

	Søkjarar			Prosent		
	Menn	Kvinner	I alt	Menn	Kvinner	I alt
Førsteårskurs .....	2 456	6 680	9 136	27	73	100
Andreårskurs .....	1 168	2 704	3 872	30	70	100
I alt .....	3 624	9 384	13 008	28	72	100

Folkehøgskolane hadde til saman 6 107 elevar pr. 1. oktober 1964. Det var 226 eller 4 prosent fleire elevar enn eit år tidlegare. Denne auken i elevtalet heng saman med større opptak til dei vidaregåande kurs eller andreårskursa. På førsteårskursa gjekk talet på elevar noko ned frå 1963 til 1964.

Tabell 5. Elevar på hovudkurs

	Elevar			Elevar i prosent av søkjarar		
	Menn	Kvinner	I alt	Menn	Kvinner	I alt
Førsteårskurs ....	1 343	2 672	4 015	55	40	44
Andreårskurs .....	739	1 353	2 092	63	50	54
I alt .....	2 082	4 025	6 107	57	43	47

Rekna i prosent av talet på søknader, vart 47 prosent tekne opp som elevar i 1964 mot 53 prosent førre året. På andreårskursa var opptaksprosenten noko større enn på førsteårskursa, og den var på begge kursa høgare for menn enn for kvinner. Opptaksprosenten var og ulik i dei einskilte fylka. Lågast var den ved skolane i Buskerud, der berre 35 prosent av søkjarane vart tekne opp som elevar, høgst i Sogn og Fjordane med 64 prosent.

Då talet på søknader byggjer på oppgåver frå kvar einskild skole, er dei som har søkt fleire folkehøgskolar samstundes tekne med fleire gonger. Dei opptaksprosentane som er gjevne ovafor (og i tabell 6), vil difor vera bruttotal. Ei spesialundersøking<sup>1)</sup> frå hausten 1963 viste, at 12,9 prosent av søknadene til folkehøgskolane var dobbeltsøknader. Vidare viste undersøkinga at 11,7 prosent av søkjarane trakk seg etter å ha fått tilbod om elevplass. I nokon mon vart desse erstatta av andre søkjarar. Går ein ut frå desse føresetnadene for hausten 1964, vert talet på reelle søkjarar om lag 10 000. Av desse fekk 61 prosent tilbod om elevplass og byrja på folkehøgskolane. Det tilsvarande talet for hausten 1963 var 69 prosent.

Tabell 6. Søkjarar til og opptekne elevar ved hovudkurs

	Søkjarar			Elevar da skoleåret tok til			Elevar i prosent av søkjarar
	Menn	Kvinner	I alt	Menn	Kvinner	I alt	
1959-60 ....	2 490	4 781	7 271	1 840	3 128	4 968	68
1960-61 ....	2 715	5 195	7 910	1 848	3 132	4 980	63
1961-62 ....	2 812	5 687	8 499	1 937	3 320	5 257	62
1962-63 ....	3 023	6 241	9 264	1 940	3 500	5 440	59
1963-64 ....	3 245	7 819	11 064	2 025	3 856	5 881	53
1964-65 ....	3 624	9 384	13 008	2 082	4 025	6 107	47

I dei siste fem åra har det blitt fleire søkjarar og elevar frå år til år. Auken har vore størst i søkjarmassen, og hausten 1964 var det heile 79 prosent fleire som søkte om opptak på eit av hovudkursa enn fem år tidlegare. Talet på opptekne elevar auka i denne tida med 23 prosent.

Elevene etter alder og bustad

Storparten av elevane ved folkehøgskolane var fødde i åra 1946-48, det vil seia at dei ved utgangen av 1964 var 16-18 år gamle. Til saman høyrde 88 prosent til desse aldersklassane, medan resten av elevane var eldre.

1) Av Norges Almenvitenskapelige Forskningsråd.

Tabell 7. Elevane etter alder

Alder pr. 31. desember	Elevar				Prosent			
	1961	1962	1963	1964	1961	1962	1963	1964
15 år .....	22	14	3	3	0,4	0,3	0,1	0,1
16 " .....	1 575	1 434	1 191	897	30,0	26,3	20,3	14,7
17 " .....	2 398	2 524	2 873	2 974	45,6	46,4	48,8	48,7
18 " .....	824	984	1 137	1 487	15,7	18,1	19,3	24,3
19 " .....	196	264	395	410	3,7	4,8	6,7	6,7
20 " .....	69	75	120	149	1,3	1,4	2,0	2,4
Over 20 år ....	173	145	162	187	3,3	2,7	2,8	3,1
I alt .....	5 257	5 440	5 881	6 107	100,0	100,0	100,0	100,0

Samanlikna med tidlegare år har det vore ein nedgang i talet på 16-åringar. Såleis var 1 575 elevar eller 30 prosent 16 år i 1961, medan det i 1964 berre var 897 elevar eller 15 prosent i denne aldersklassa. I staden har det vorte langt fleire elevar i dei høgre aldersklassane. Når elevane etter kvart har vorte eldre, heng det i nokon mon saman med utbygginga av andreårskursa ved folkehøgskolane.

Av 1 000 ungdomar i alderen 16 år, var 14 elevar ved folkehøgskolane i 1964-65. Talet på elevar i alderen 17 år svara til 46 promille og i alderen 18 år til 22 promille av ungdomskulla. Rekna pr. innbyggjar var det såleis færre 16-åringar og fleire i alderen 17 og 18 år som var elevar ved folkehøgskolane i 1964-65 enn det var eit år tidlegare.

Tabell 8. Elevane etter bustad

	Elevar				Prosent			
	1961- 1962	1962- 1963	1963- 1964	1964- 1965	1961- 1962	1962- 1963	1963- 1964	1964- 1965
Bur på skolen .....	4 682	4 840	5 111	5 296	89,1	89,0	86,9	86,7
Bur heime .....	405	441	557	615	7,7	8,1	9,5	10,1
Annan bustad (hybel, pensjonat o.l.) ...	170	159	213	196	3,2	2,9	3,6	3,2
I alt .....	5 257	5 440	5 881	6 107	100,0	100,0	100,0	100,0

Dei fleste elevane (87 prosent) budde på skoleinternat. Om lag 10 prosent budde heime, og vel 3 prosent av elevane budde på hybel, pensjonat eller liknande. Storparten av dei skolane som har internat, hadde nytta ut alle elevplassane her. Nokre skolar hadde og teke i bruk tenarbustad, gjesterom o.a. for å få plass til elevane.

TABELLER

Tabell I. Folkehøgskolar i dei ein-skilde fylke etter lengda på hovudkursa

	Undervisningstid i veker						Skolar i alt	Av desse med andre- års- kurs
	24	27	30	33	34	36		
Østfold .....	-	-	1) <sup>1</sup>	2	-	-	3	3
Akershus .....	1	-	-	4	-	-	5	2
Hedmark .....	-	-	-	4	-	-	4	4
Oppland .....	-	2	-	5	-	-	7	6
Buskerud .....	-	-	-	3	1	-	4	4
Vestfold .....	-	-	-	2	-	-	2	2
Telemark .....	-	-	-	2	-	-	2	2
Aust-Agder .....	-	-	-	1	-	1	2	1
Vest-Agder .....	-	-	-	2	-	-	2	2
Rogaland .....	-	-	-	5	-	-	5	4
Hordaland .....	-	-	-	9	-	-	9	9
Sogn og Fjordane ...	-	-	-	5	-	-	5	5
Møre og Romsdal ....	-	-	-	6	-	-	6	6
Sør-Trøndelag .....	-	1	-	4	-	-	5	5
Nord-Trøndelag .....	-	-	-	4	-	-	4	4
Nordland .....	-	-	-	3	-	-	3	3
Troms .....	-	-	-	4	-	-	4	4
Finnmark .....	-	1	-	2	-	-	3	2
I alt .....	1	4	1	67	1	1	75	68

1) På andreårskurset var undervisningstida 24 veker.

Tabell II. Lærarar i dei einiskilde fylke etter kjønn og utdanning

	I heil post					I timepost				
	Lek- torar og ad- junkt- tar	Lærarar med god- kjend utdan- ing (lærar- prøve)	Fag- lærarar med god- kjend utdan- ing	Lærarar eller fag- lærarar utan god- kjend utdan- ing	I alt	Time- lærarar til- sette i heil post i andre skolar	Time- lærarar til- sette i time- post også i andre skolar	Time- lærarar utan under- vis- ning i andre skolar	I alt	Lær- arar i alt
<u>Menn</u>										
Østfold .....	-	7	3	-	10	2	-	4	6	16
Akershus .....	5	9	2	1	17	1	1	8	10	27
Hedmark .....	1	13	2	1	17	-	1	1	2	19
Oppland .....	6	14	7	3	30	3	1	4	8	38
Buskerud .....	4	14	1	-	19	1	1	5	7	26
Vestfold .....	3	4	1	-	8	1	1	3	5	13
Telemark .....	-	9	1	-	10	1	-	1	2	12
Aust-Agder ...	1	9	4	-	14	-	-	-	-	14
Vest-Agder ...	1	5	3	-	9	3	-	-	3	12
Rogaland .....	1	17	4	2	24	-	3	3	6	30
Hordaland ....	3	33	4	1	41	6	1	11	18	59
Sogn og Fjordane	2	14	7	1	24	4	1	3	8	32
Møre og Romsdal	-	22	4	1	27	1	3	4	8	35
Sør-Trøndelag.	5	15	2	1	23	2	-	3	5	28
Nord-Trøndelag	4	15	-	1	20	-	1	3	4	24
Nordland .....	-	11	5	-	16	2	-	3	5	21
Troms .....	2	12	-	3	17	1	1	3	5	22
Finnmark .....	1	6	2	1	10	1	-	1	2	12
I alt .....	39	229	52	16	336	29	15	60	104	440
<u>Kvinner</u>										
Østfold .....	-	1	4	1	6	-	1	2	3	9
Akershus .....	-	1	9	1	11	2	1	4	7	18
Hedmark .....	1	2	8	-	11	-	-	4	4	15
Oppland .....	-	1	14	1	16	-	1	3	4	20
Buskerud .....	1	-	8	-	9	-	1	10	11	20
Vestfold .....	-	3	4	-	7	-	-	5	5	12
Telemark .....	-	3	-	-	3	1	1	1	3	6
Aust-Agder ...	-	1	3	-	4	-	-	1	1	5
Vest-Agder ...	-	1	5	-	6	-	-	2	2	8
Rogaland .....	-	3	10	-	13	-	-	4	4	17
Hordaland ....	-	7	13	1	21	1	-	9	10	31
Sogn og Fjordane	-	1	4	4	9	-	2	4	6	15
Møre og Romsdal	-	1	13	2	16	-	-	7	7	23
Sør-Trøndelag.	-	1	8	1	10	-	1	6	7	17
Nord-Trøndelag	-	7	2	-	9	-	-	2	2	11
Nordland .....	-	1	4	-	5	1	-	6	7	12
Troms .....	-	3	7	-	10	1	1	5	7	17
Finnmark .....	-	4	4	2	10	-	-	4	4	14
I alt .....	2	41	120	13	176	6	9	79	94	270
Lærarar i alt.	41	270	172	29	512	35	24	139	198	710

Tabell III. Søkjarar og opptekne elevar

	Søkjarar			Elevar pr. 1. oktober			Elevar i prosent av søkjarar
	Første-års-kurs	Andre-års-kurs	I alt	Første-års-kurs	Andre-års-kurs	I alt	
<u>Menn</u>							
Østfold .....	42	47	89	28	32	60	67,4
Akershus .....	166	35	201	92	23	115	57,2
Hedmark .....	131	108	239	67	62	129	54,0
Oppland .....	207	76	283	124	38	162	57,2
Buskerud .....	122	93	215	52	50	102	47,4
Vestfold .....	61	36	97	41	26	67	69,1
Telemark .....	42	25	67	27	14	41	61,2
Aust-Agder .....	114	40	154	81	23	104	67,5
Vest-Agder .....	69	16	85	43	13	56	65,9
Rogaland .....	175	68	243	112	66	178	73,3
Hordaland .....	320	190	510	144	116	260	51,0
Sogn og Fjordane..	94	36	130	84	29	113	86,9
Møre og Romsdal ..	225	78	303	116	55	171	56,4
Sør-Trøndelag ....	210	102	312	81	62	143	45,8
Nord-Trøndelag ...	209	91	300	91	53	144	48,0
Nordland .....	96	35	131	63	27	90	68,7
Troms .....	90	76	166	54	40	94	56,6
Finmark .....	83	16	99	43	10	53	53,5
I alt .....	2 456	1 168	3 624	1 343	739	2 082	57,5
<u>Kvinner</u>							
Østfold .....	150	69	219	87	32	119	54,3
Akershus .....	587	58	645	181	29	210	32,6
Hedmark .....	352	255	607	138	100	238	39,2
Oppland .....	629	261	890	249	97	346	38,9
Buskerud .....	497	307	804	143	110	253	31,5
Vestfold .....	267	66	333	99	29	128	38,4
Telemark .....	164	51	215	81	32	113	52,6
Aust-Agder .....	109	53	162	55	34	89	54,9
Vest-Agder .....	181	52	233	89	41	130	55,8
Rogaland .....	386	208	594	165	115	280	47,1
Hordaland .....	873	385	1 258	321	206	527	41,9
Sogn og Fjordane..	303	111	414	167	67	234	56,5
Møre og Romsdal ..	450	162	612	213	110	323	52,8
Sør-Trøndelag ....	436	217	653	151	116	267	40,9
Nord-Trøndelag ...	447	233	680	135	91	226	33,2
Nordland .....	298	70	368	144	41	185	50,3
Troms .....	334	121	455	152	80	232	51,0
Finmark .....	217	25	242	102	23	125	51,7
I alt .....	6 680	2 704	9 384	2 672	1 353	4 025	42,9
Elevar i alt .....	9 136	3 872	13 008	4 015	2 092	6 107	46,9

Tabell IV. Elevar i dei einiskilde fylke etter alder pr. 31. desember 1964

	15 år	16 år	17 år	18 år	19 år	20 år	21 år	22 år	23 år	24 år	25 år og over	Elevar i alt
Østfold ....	3	25	71	53	15	5	4	2	-	1	-	179
Akershus ...	-	32	106	107	40	19	6	5	3	3	4	325
Hedmark ....	-	31	182	118	24	-	2	4	2	1	3	367
Oppland ....	-	86	255	95	27	23	7	5	3	2	5	508
Buskerud ...	-	13	162	118	40	13	5	1	2	1	-	355
Vestfold ...	-	12	89	80	11	2	-	1	-	-	-	195
Telemark ...	-	18	82	37	10	2	2	-	-	1	2	154
Aust-Agder..	-	16	95	42	21	7	5	6	-	-	1	193
Vest-Agder..	-	24	93	45	14	5	5	-	-	-	-	186
Rogaland ...	-	57	233	109	28	10	10	2	2	3	4	458
Hordaland ..	-	92	407	196	56	15	9	3	4	1	4	787
Sogn og Fjordane ...	-	155	133	48	7	2	-	2	-	-	-	347
Møre og Romsdal ....	-	128	250	75	21	14	3	1	-	1	1	494
Sør- Trøndelag ..	-	46	224	97	28	8	2	2	-	1	2	410
Nord- Trøndelag ..	-	18	214	88	29	7	3	9	-	1	1	370
Nordland ...	-	19	150	72	11	12	4	3	2	2	-	275
Troms .....	-	33	170	91	20	3	-	4	2	2	1	326
Finnmark ...	-	92	58	16	8	2	1	-	-	-	1	178
I alt .....	3	897	2 974	1 487	410	149	68	50	20	20	29	6 107



Tabell V. Lærarar og elevar ved skolane i dei einstilte kommunar

	Lærarar		Elevar				
	i heil post	i time-post	1. års-kurs	2. års-kurs	I alt	Av desse menn kvinner	
<u>Østfold</u>							
Skjeberg .....	5	1	34	20	54	13	41
Eidsberg .....	4	6	20	35	55	32	23
Rolvøy .....	7	2	61	9	70	15	55
I alt .....	16	9	115	64	179	60	119
<u>Akershus</u>							
Vestby .....	5	4	43	21	64	24	40
Ski .....	2	4	21	-	21	14	7
Bærum .....	5	3	49	-	49	11	38
Ullensaker .....	7	3	89	-	89	34	55
Hurdal .....	9	3	71	31	102	32	70
I alt .....	28	17	273	52	325	115	210
<u>Hedmark</u>							
Ringsaker .....	6	1	30	31	61	25	36
Sør-Odal .....	4	2	50	27	77	21	56
Åsnes .....	10	2	79	40	119	34	85
Elverum .....	8	1	46	64	110	49	61
I alt .....	28	6	205	162	367	129	238
<u>Oppland</u>							
Lillehammer .....	3	3	40	-	40	19	21
Gjøvik .....	8	2	59	23	82	23	59
Sør-Fron .....	5	2	41	12	53	15	38
Ringebu .....	7	1	42	31	73	27	46
Østre Toten .....	4	3	33	11	44	9	35
Gran .....	6	-	52	24	76	17	59
Nord-Aurdal .....	13	1	106	34	140	52	88
I alt .....	46	12	373	135	508	162	346
<u>Buskerud</u>							
Ringerike .....	8	4	36	63	99	25	74
Drammen .....	9	5	72	48	120	31	89
Gol .....	7	2	59	16	75	27	48
Rollag .....	4	7	28	33	61	19	42
I alt .....	28	18	195	160	355	102	253
<u>Vestfold</u>							
Sandar .....	6	6	69	34	103	34	69
Brunlanes .....	9	4	71	21	92	33	59
I alt .....	15	10	140	55	195	67	128

Tabell V (forts.). Lærarar og elevar ved skolane i dei einiskilde kommunar

	Lærarar		Elevar				
	i heil post	i time-post	1. års-kurs	2. års-kurs	I alt	Av desse menn kvinner	
<u>Telemark</u>							
Porsgrunn .....	8	1	61	29	90	29	61
Sauherad .....	5	4	47	17	64	12	52
I alt .....	13	5	108	46	154	41	113
<u>Aust-Agder</u>							
Tvedestrand .....	7	1	62	-	62	58	4
Birkenes .....	11	-	74	57	131	46	85
I alt .....	18	1	136	57	193	104	89
<u>Vest-Agder</u>							
Søgne .....	6	4	57	19	76	22	54
Lyngdal .....	9	1	75	35	110	34	76
I alt .....	15	5	132	54	186	56	130
<u>Rogaland</u>							
Lund .....	3	1	27	-	27	11	16
Hå .....	10	1	75	48	123	44	79
Hetland .....	12	3	101	62	163	65	98
Sand .....	7	2	36	30	66	29	37
Stangaland .....	5	3	38	41	79	29	50
I alt .....	37	10	277	181	458	178	280
<u>Hordaland</u>							
Fjelberg .....	4	3	50	18	68	25	43
Ullensvang .....	5	1	41	13	54	16	38
Voss .....	5	9	46	56	102	33	69
Kvam .....	14	2	110	52	162	53	109
Fana .....	9	3	50	58	108	45	63
Meland .....	15	6	98	75	173	59	114
Radøy .....	6	2	30	30	60	17	43
Os .....	4	2	40	20	60	12	48
I alt .....	62	28	465	322	787	260	527
<u>Sogn og Fjordane</u>							
Balestrand .....	4	6	28	12	40	-	40
Sogndal .....	8	2	75	16	91	41	50
Førde .....	7	1	47	13	60	20	40
Eid .....	7	3	54	21	75	20	55
Gloppen .....	7	2	47	34	81	32	49
I alt .....	33	14	251	96	347	113	234

Tabell V (forts.). Lærarar og elevar ved skolane i dei einskilde kommunar

	Lærarar		Elevar				
	i heil post	i time-post	1. års-kurs	2. års-kurs	I alt	Av desse menn kvinner	
<u>Møre og Romsdal</u>							
Molde .....	8	3	67	29	96	29	67
Ulstein .....	8	-	62	16	78	26	52
Ørsta .....	5	6	47	36	83	30	53
Borgund .....	8	3	58	22	80	23	57
Øre .....	8	1	56	35	91	35	56
Surnadal .....	6	2	39	27	66	28	38
I alt .....	43	15	329	165	494	171	323
<u>Sør-Trøndelag</u>							
Trondheim .....	9	1	77	48	125	36	89
Rissa .....	6	4	22	38	60	25	35
Orkdal .....	6	2	38	14	52	19	33
Melhus .....	12	5	95	78	173	63	110
I alt .....	33	12	232	178	410	143	267
<u>Nord-Trøndelag</u>							
Levanger .....	5	2	55	27	82	39	43
Verdal .....	11	-	94	50	144	42	102
Inderøy .....	7	3	39	51	90	41	49
Grong .....	6	1	38	16	54	22	32
I alt .....	29	6	226	144	370	144	226
<u>Nordland</u>							
Brønnøy .....	8	7	92	30	122	40	82
Vefsn .....	5	4	40	21	61	21	40
Vågan .....	8	1	75	17	92	29	63
I alt .....	21	12	207	68	275	90	185
<u>Troms</u>							
Harstad .....	8	6	49	55	104	29	75
Ibestad .....	6	1	46	18	64	20	44
Lenvik .....	8	-	48	31	79	22	57
Lyngen .....	5	5	63	16	79	23	56
I alt .....	27	12	206	120	326	94	232
<u>Finmark</u>							
Sør-Varanger .....	4	1	36	-	36	15	21
Måsøy .....	8	-	63	18	81	19	62
Karasjok .....	8	5	46	15	61	19	42
I alt .....	20	6	145	33	178	53	125

## Noregs offisielle statistikk, rekkje A

### Norway's Official Statistics, series A

#### Rekkje A

#### Stensileret 1965

- Nr. 116 Nasjonalregnskap med fjorten og fem produksjonssektorer 1949—1961 I *National accounts classified by fourteen and five industrial sectors I*
- 117 Kriminalstatistikk 1963 II Domfelte, botlagte og påtalefritatte *Criminal statistics II Persons convicted, fined or suspended of prosecution*
- 118 Kriminalstatistikk 1963 III Innsatte og løslatte ved fengselsanstalter *Criminal statistics III Movement of population in penal institutions*
- 119 Folkemengden i herreder og byer 1. januar 1964 *Population in rural districts and towns*
- 120 Industristatistikk 1963 Bedriftenes størrelse, vareproduksjon m. v. *Industrial statistics Size of establishments, commodities produced etc.*
- 121 Lønnsstatistikk for sjøfolk på skip i innenriks rutefart. November 1964 *Wage statistics for seamen on ships in scheduled coasting trade*
- 122 Hotellstatistikk 1964 *Hotel statistics*
- 123 Undervisningsstatistikk 1964—65 II Folkehøgskolar *Educational statistics II Folk high schools*

Statistisk Sentralbyrå gjev dessutan ut skriftserien Samfunnsøkonomiske studier (SØS). I denne serien gjev ein ut resultatane av etterøknader, som ikkje er av reint statistisk karakter, m. a. historiske og analytiske studiar, utført ved Byråets forskningsavdeling. *The Central Bureau of Statistics also publishes the series «Samfunnsøkonomiske studier» (SØS). This series contains reports on investigations of not merely statistical character, such as historical and analytical studies, carried out at the Research Department of the Central Bureau of Statistics.*

Stuttare utgreiingar vert gjevne i serien «Artikler». *Shorter reports in the series «Artikler».*

Statistisk Sentralbyrå gjev ut desse periodiske hefta: *The Central Bureau of Statistics publishes the following periodical bulletins:*

Statistisk månedshefte *Monthly bulletin of statistics.*

Månedssstatistikk over utenrikshandelen *Monthly bulletin of external trade.*

Statistisk ukehefte *Weekly bulletin of statistics.*

Ein kan teikna abonnement i Statistisk Sentralbyrå. For Statistisk månedshefte er prisen pr. år kr. 20,00, pr. nr. kr. 2,00. Prisen pr. år for Månedssstatistikk over utenrikshandelen er kr. 25,00, pr. nr. kr. 2,50. For Statistisk ukehefte er prisen pr. år kr. 30,00, pr. nr. kr. 0,75. *For subscription of the bulletins please write to the Central Bureau of Statistics, Oslo.*

Publikasjonen kjem ut i kommisjon hos  
H. Aschehoug & Co., Oslo, og er til sals hos alle bokhandlarar.

Pris kr. 3,00.